



Kultur- og likestillingsdepartementet

postmottak@kud.dep.no

Dykkar ref.: «Innspel kulturfrivillighet»

Vår ref.: PMFS

Ørsta, 16. januar 2023

Innspel til strategi for kulturfrivillighet og utgreiing om regionale kulturfond

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, takkar for høvet til å kome med innspel til strategien for kulturfrivillighet og utgreiinga om regionale kulturfond. Me er ein profesjonell kulturinstitusjon som også har frivillig aktivitet. I 2023 var 114 personar frivillige hjå oss, og nyttja 921 timer på frivillig arbeid. Våre arenaer i Ørsta, Ulvik og Vinje er også viktige arenaer for frivillig aktivitet frå andre aktørar, til dømes som øvings- og framføringslokale for lokale kor, møtelokale for historielag og leseringar osb. Våre eigne frivillige aktivitetar er både knytt til samlingsarbeid, festivalgjennomføring og arrangementsavvikling.

Språklova: ein del av grunnlaget

I innspelsgrunnlaget saknar Nynorsk kultursentrum dei språkpolitiske dimensjonane av kulturfrivilligheta og regionale kulturfond. Det er viktig at Kultur- og likestillingsdepartementet syner sektoransvaret sitt for språkpolitikk gjennom alle utgreiingar og prosessar. Me syner også til kapittel 5 i prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk om språkdimensjonen i kulturpolitikken og mediepolitikken, der fleire av tiltaka bør vurderast særskilt i dette arbeidet. Våre viktigaste innspel om dette er:

- arbeidet med regionale kulturfond og kulturfrivillighet må bidra til å nå måla i språklova, inkludert å fremme det minst brukta norske skriftspråket, nynorsk
- nye ordningar og system må vurderast opp mot språklova, for å sørge for at systemet ikkje undermedvite reduserer det språklege mangfaldet i Noreg, og helst etablere mekanismar som styrker frivilligkeit og kulturtilbod på nynorsk, dei samiske språka, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk

Regionale kulturfond

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, er nysgjerrige på regionale kulturfond. Me er positive til auka finansiering av kultursektoren, men usikker på om fleire aktørar er løysinga. Det er uansett viktig at regionale kulturfond vert noko anna enn ytterlegare støtteordningar for å nå fylkeskommunale mål for regional- og kulturpolitikken, og at det ikkje erstattar dei overordna nasjonale ordningane. Dei nasjonale ordningane må stø kulturtiltak i heile landet

for at dei skal ha nasjonal legitimitet, og den nasjonale/ regionale fordelinga må framleis vere ein del av grunnlaget for ordningane under norsk kulturfond.

Nynorsk kultursentrum har elles desse innspela:

- Regionale kulturfond bør skilje seg frå kulturstøtteordningar i fylkeskommunen ved at dei vert vurdert/ utdelt av fagorgan, og ikkje politiske organ
- Litteratur må vere tydelegare til stades i denne ordninga enn det er i eksisterande regionale ordningar. Det er eit av kulturuttrykka med færrast lokale og regionale støtteordningar.
- Dei regionale kulturfonda må ha eit språkpolitisk mandat, jf. hovudinnspelet vårt om at språklova må vere ein del av grunnlaget for desse strategiane og ordningane.
- Regionale kulturfond bør ikkje ha krav om kommunal medfinansiering, slik at dei reelt kan fungere utjamnande for kulturtildelinga i regionen, uavhengig av kommuneøkonomi

1 Brei deltaking og tilgang på aktivitet

Det er noko vanskelegare å rekruttere frivillige til aktivitet etter koronaen. Nokon har falle frå, og færre har kome til. Typen oppgåver frivillige ønskjer å gjere har kanskje også endra seg over tid, og noko av dette er framskunda av pandemien, både teknologisk og gjennom avbrotet frå den daglege/ årlege frivillige aktiviteten.

Nynorsk kultursentrum trur breiare deltaking først og fremst kjem gjennom å møte fleire der dei er, og få større grupper med i aktiviteten. Då må ein ofte gå i dialog med gruppene om kva, korleis og kvifor dei ønskjer å bidra. Dette er eit krevjande arbeid frå både profesjonelle og frivillige kulturaktørar. Gode resultat kjem først og fremst av dette langsiktige arbeidet.

2 Møteplassar og tilgang på arenaer

Me og mange andre profesjonelle aktørar kunne gjort møteplassane og arenaene våre meir tilgjengelege for fleire brukargrupper. Samstundes har, kanskje særleg museum, til dels motstridande oppdrag. Omsyna til sikring og samlingsforvaltning kan somme tider gå framføre å sikre møteplassar og tilgang på arenaer.

Kulturrom-ordninga og andre tiltak kan gjerne vere utvida i ein periode for å sikre at fleire profesjonelle arenaer vert meir tilgjengelege for det frivillige kulturlivet. Det må vere ein føresetnad at frivillige aktørar og profesjonelle aktørar (museum, scenekunstinstitusjonar) går saman om slike søknader.

Døme på tiltak

- Låsesystem/ ombyggingar/ videosikring osb. som gjer det mogleg med større sambruk mellom frivillige og profesjonelle, utan auka kostnader for det profesjonelle kulturlivet
- Synleggjere kulturrom-ordningane sine høve til å sikre at museum (og andre profesjonelle kulturlokale) kan verte nytta meir av kulturfrivilligheita til t.d. møteverksemnd, arrangement, musikk- og teaterøvingar/ framsyningar osb.
- Legge betre til rette for samspel, samarbeid opplæring av frivillige i bibliotek, museum osb. for å delta i samlings- og kunnskapsutviklingsarbeidet i institusjonane.

- La kulturlokale, både museum, lagseide lokale og andre, kunne få støtte til å teste ut tekniske løysingar som «meirope bibliotek» for å auke bruken som møteplassar for ulike grupper og sørge for frivillig aktivitet

3 Samspel mellom profesjonelle og frivilligheit

Nynorsk skriftkultur er resultatet av eit samarbeid mellom profesjonelle og frivilligheita. Eit heilt skriftspråk med ein fullstendig skriftkultur har vakse fram av dette samspelet. Me som institusjon har trua på å dyrke dette samspelet vidare. Samstundes har til dømes profesionaliseringa av festival- og museumssektoren til ein viss grad svekka det frivillige engasjementet og lokale tilhøyrsela til tiltaka. Dette har vorte noko forsterka av restriksjonsperiodane under pandemien.

Utfordringar for samspelet

- Oppfatninga av kva eit museum er og skal vere er ulikt frå dei frivillige og det profesjonelle
- Det profesjonelle verdset ofte ikkje høgt og tydeleg nok den kompetansen og røynslene dei frivillige står for
- Einskildpersonar og grupper veit ikkje at dei kan delta i frivillig arbeid ved profesjonelle institusjonar

Framlegg til tiltak for å styrke samspelet

- Musea må tydeleggjere korleis folk flest kan delta i samlingsarbeidet
- Det kan sjå ut til at frivillige i større grad enn no må ha høve til å påverke innhaldet i/ rammene for formidlinga, og ikkje berre vere praktiske handlangarar

4 Offentlege tilskotsordningar og tiltak

Det kan vere behov for å forenkle og samordne ulike offentlege tilskotsordningar og tiltak, og rapporteringskrava til desse. Eit døme er at både Kulturrådet og fylkeskommunane har ofte krav om støtte frå kvarandre og/eller kommunal finansiering. Det hadde vore nytig om aktørane hadde felles søknadsskjema, tidspunkt for vurdering, saksbehandling og krav til rapportering, slik at dette vart avgjort samstundes, der det er krav om støtte frå fleire aktørar.

Ta gjerne kontakt for vidare utdjuping og drøfting av temaa i innspelet

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Per Magnus Finnanger Sandsmark

direktør

Telefon 90 81 21 96

per.magnus.f.sandsmark@nynorsk.no